



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.06.2013

Vår ref.: 2013/5442

Arkivnr.: 461.3

Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Vaule Sandtak AS /v Stangeland Maskin AS, Time kommune - Søknad om løyve til mellomlagring og gjenvinning av betong og tegl. Utlegging til offentlig ettersyn.

Fylkesmannen ber om opplysingar om særskilde lokale forhold, naboar m.v. som det bør takast omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at kommunen sin uttale vert send oss innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta, og to eksemplar av kunnngjeringa vert lagde ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Med heimel i forureiningslova §§ 11 og 16 har Vaule Sandtak v/Stangeland Maskin AS søkt Fylkesmannen i Rogaland om utsleppsløyve for mellomlagring og gjenvinning av betong og tegl. Søknaden er datert 27.5.2013.

I samsvar med kapittel 36 forureiningsforskrifta følgjer ei kort omtale av utsleppssøknaden:

Type verksemd:	Mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong og tegl.
Lokalisering:	Gnr.30, bnr.5, Time kommune.
Gateadresse:	Nordre Kalberg, 4355 Kvernaland
Produksjon:	Gjenvinning av totalt inntil 40 000 tonn per år.
Forureining/belastning:	Utslepp av støy og mineralsk støv.
Reinsetiltak:	Resirkulering av vatn, reinsepark, sikringssone mot vassdrag, støyvoll
Resipient:	Figgjovassdraget.

Fylkesmannen sine merknader

Eldre betongmassar og teglstein frå bygningar og andre konstruksjonar kan innehalde miljøgifter som PCB og tungmetall. Verksemdar som ønskjer å motta bygningsbetong for mellomlagring og gjenvinning må derfor søkje om utsleppsløyve frå Fylkesmannen etter forureininglova § 11.

Vaule Sandtak AS driv i dag steinbrot og knuseverk på lokaliteten i medhald av vilkår fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 30. Fylkesmannen inspiserte verksemda 17.3.2011. Stangeland Maskin AS, som då var operatør for uttak av steinmassar, har i 2013 overteke som eigar av

verksemda. Vaule Sandtak AS er framleis registrert i Enhetsregisteret som et eige føretak. Eit eventuelt løyve til knusing og gjenvinning av betong vil verte gitt til den verksenda (bedriftsnummer) som anlegget tilhøyrer når løyvet vert gitt.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i Jærbladet og Stavanger Aftenblad. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av sækjar. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlegging til offentlig ettersyn

Vi ber om at søknaden vert lagd ut til offentlig ettersyn på Servicetorget i Time kommune. Søknaden vil også verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad www.fylkesmannen.no/rogaland under "Snarvegar" og "Høyringar".

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale merknader er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Dersom kommunen har behov for utvida frist, ber vi om tilbakemelding på når saka vil verte teken opp til behandling.

Kommunen sin uttale bør gi opplysningar om eventuelle lokale forhold som er mangelfullt eller ikkje tilstrekkeleg gjord greie for i søknaden, og om lokale/regionale forhold som kan verke inn på avgjerda om utsleppsløyve, inkludert vurderingar i forhold til naturmangfoldlova og vassforskrifta. Vi ber også kommunen vurdere om tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Resultatet frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendas Fylkesmannen.

Med helsing

Einar Haualand
fung. seksjonsleiar

Johan Tore Rødland
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandler: Johan Tore Rødland
Saksbehandler telefon: 51 56 89 38
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Vaule Sandtak AS – Søknad inkludert vedlegg
2. Vaule Sandtak AS – Kunngjeringstekst
3. Informasjonsbrev til pukkverksbransjen

Kopi utan vedlegg til:

Vaule Sandtak AS v/Stangeland Maskin AS Postboks 21 4064 STAVANGER